



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Stad:</b>	Herøy Rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	21.09.2020
<b>Tid:</b>	13.00 – 14.50

**Medlemer som møtte:**

Idar Kjell Tarberg	Leiar	
Jan Nilsen	Nestleiar	
Ann Elin Myklebust	Medlem	
Kristin Helsem Sævik	Medlem	
Leiv Magnar Aarflot	Medlem	

**Forfall:**


**Varamedlemer som møtte:**


**Frå Vest kontroll møte:**

Jorunn Sandal	Spesialrådgjevar	
Karoline Sighaug	Rådgjevar	

**Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:**

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

**Frå Herøy kommune møte:**

Trond Arne Aglen	Kommunedirektør	Ikkje i sak 40 og deler av sak 43.
Bjørn-Halvor Prytz	Ordførar	

Idar Kjell Tarberg  
LeiarJan Nilsen  
Medlem



**SAKLISTE**

- SAK 36/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT  
MØTEPROTOKOLL
- SAK 37/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 38/20 MELDINGAR
- SAK 39/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 40/20 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –  
SJØLVKOST AVLØP HERØY KOMMUNE
- SAK 41/20 VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET  
TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN
- SAK 42/20 ETTERLEVELSESKONTROLL
- SAK 43/20 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/20	033	02.07.2020	21.09.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 43 vart behandla etter sak 40.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jan Nilsen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/20	049	02.07.2020	21.09.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.06.2020.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 24.06.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/20	033&17	14.09.2020	21.09.2020	KS/JS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Vedlegg

1. Frå avisa Kommunal Rapport, 18.06.2020. «Mener for få anmelder økonomisk kriminalitet».
2. Frå nettavisa kommunalrapport, av17.08.2020. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte».
3. Dokument frå Herøy kommune, av 11.09.2020. «Melding om vedtak: K-sak 103/20 – Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap».

### I møtet

Kommunedirektøren presenterte seg sjølv. Han ynskjer å møte på kontrollutvalsmøta så langt det let seg gjære.

Kommunedirektøren orienterte og svara på spørsmål i høve vedlegg 2 og 3.



<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
39/20	033&58	01.09.2020	21.09.2020	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollar til vitende med dei merknadane som framkom i møtet.

### I møtet

Leiar stilte spørsmål om ulik praksis i ulike utval ved bruk av lovheimel om inhabilitet. Kommunedirektøren kommenterte dette.

Ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne skriv grundige og utfyllande protokollar.

Det blei stilt spørsmål om arbeidsmiljøutvalet er eit utval kontrollutvalet skal gjennomgå protokollane for, ettersom dette utvalet ikkje lenger har folkevalde som følgje av ny kommunelov.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside -

<https://innsyn.heroy.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

### Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Arbeidsmiljøutvalet:	08.06	<b>31.08</b>		
Eldrerådet:	18.05	<b>15.06</b>	<b>17.08</b>	
Formannskapet:	09.06	<b>30.06</b>	<b>18.08</b>	<b>01.09</b>
Klageutvalet:	10.06			
Kommunestyret:	28.05	<b>18.06</b>	<b>27.08</b>	
Kontrollutvalet:				
Maritim og teknisk utval:	08.06	<b>29.06</b>	<b>10.08</b>	<b>07.09</b>
Oppvekstutvalet:	25.05			
Plan og byggeutval:	16.04			
Råd for msk med nedsett funksjonsevne:	02.06	<b>24.08</b>		
Ungdomsrådet:	25.03	<b>17.06</b>	<b>26.08</b>	
Utval for helse og omsorg:	03.06	<b>18.08</b>	<b>09.09</b>	
Utval for næring, kultur og idrett:	03.06	<b>25.08</b>		
Utval for vilt, fiske og friluft:	04.06	<b>20.08</b>		
Valutvalet:	14.05	<b>18.06</b>	<b>28.08</b>	

SSR IKS Styret

Sendt til leiar

SSR IKS Representantskap

Sendt til leiar



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/20	217	01.09.2020	21.09.2020	KS

## PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SJØLVKOST AVLØP HERØY KOMMUNE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt sjølvkost/avløp i samsvar med prosjektplanen.

### Vedlegg

Prosjektplan – Sjølvkost avløp Herøy kommune. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

### I møte

Bodill Skeide orienterte og svarta på spørsmål.

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 33/20 vedtak om at revisjonen skal utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på Sjølvkost og avløp.

Prosjektplanen ligg no føre med slik problemstilling:

1. Er avløp i Herøy kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?
  - Direkte kostnader
  - Indirekte kostnader
  - Kapitalkostnader
  - Sjølvkostfond

I tillegg vil ein utarbeide ei deskriptiv analyse med samanlikningar av nabokommunar (basert på rekneskapsdokument og KOSTRA).

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/20	217	11.09.2020	21.09.2020	KS

## VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunestyret om at det blir gjort ein etterkontroll på området barnevern i 2021.
2. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tilsyn og oppfølging – Barnevern til vitende.

### I møte

Kontrollutvalet registrerer at kommunestyret tok vekk kontrollutvalet si moglegheit for å endre og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt. Jf. Kommunestyresak 103/20 – Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap.

### Vedlegg

1. E-post frå kommunedirektøren. Datert 07.08.2020.
2. Utskrift frå møteprotokollen, kontrollutvalssak 08/20.



3. Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – Barnevern.

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde vedtak i sak 08/20 om ny rapportering i høve anbefaling 5, innan 31.08.2020.

#### Revisor sine anbefalingar:

1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna vere tilstades.
3. Kommunen må sørge for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
5. Kommunen må innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

#### Kommunedirektøren gir slik tilbakemelding i høve anbefaling 5:

1. Vi har no lykkast i å hente inn politiattest og andre krevja dokument frå alle våre tilsynspersonar, men vi har ikkje kopi av alle politiattestane liggande. Det er lagt inn dato for mottatt attest i vårt forbindelsesregister i fagsystemet for begge kommunane.
2. Det er oppretta rutine for å hente inn politiattest, uavhengigheitserlæring og teiepliktskræring ved tilsetting av tilsynspersonar og andre oppdragstakarar. Desse dokumenta er også lagt inn i mal slik at dei automatisk blir med når vi skriv nye oppdragsavtaler.
3. Det er alltid eit mål å nå krava ihht tilsyn og oppfylging i fosterheim. Det er ikkje alltid vi klarar det, grunna t.d. sjukdom eller at tilsynsførarar seier opp og vi ikkje rekk å tilsette ny innan kvartalet, men vi har jamlege gjennomgangar av listene og kor vidt krava er oppfylt. I år har vi hatt utfordringar grunna Covid-19, men har gjort det vi kan for å dekke opp gjennom telefon- og videokonferanse, og er no tilbake i normal drift i forhold til oppfølgings- og tilsynsbesøk. Dette er fylkesmannen førebudd på, og det gjeld også alle andre barneverntenestene i landet.

#### Tilbakemelding frå revisor:

Kommunen har rutinar i høve om å hente inn politiattest, uavhengigheitserklæring og teiepliktskræring. Ein eventuell etterkontroll på eit seinare tidspunkt vil kunne avdekke om rutinane fungerer.

Ut i frå tilbakemeldinga har kommunen i enkelte tilfeller hatt utfordringar med å nå krava mht. tilsyn og oppfølging.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/20	216	25.08.2020	21.09.2019	JSa

### ETTERLEVELSESKONTROLL

#### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek etterlevelseskontrollen datert 25.06.2020 til vitande.

#### I møte

Jorunn Sandal og Bodill Skeide orienterte og svarta på spørsmål.

**Vedlegg**

Etterlevelseskontroll av 25.06.2020 utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

**Saksopplysningar**

- Ny kommunelov stiller i § 24.9 krav til revisjonen om å utføre forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga. Dette lovkravet er nytt.
- Revisjonen skal sjå til at kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak skjer i samsvar med bestemmelsar og vedtak.
- Område som skal velgast ut for kontroll er basert på revisor sitt skjønn og risiko-og vesentleghetsvurdering.
- Det er kontrollert om lønsutgifter, som etter Kostra-rettleiar skal rapporterast på Kostrafunksjon 120 - administrasjon, vert registrert og rapportert i samsvar med denne. Kontrollen er avgrensa til å gjelde fast løn registrert på lønsart 1100.
- Kontrollen er utført for rekneskapsåret 2019.
- I rapporten blir det konkludert slik:
  - Administrasjonskostnadane har blitt reduserte i perioden 2016-2019.
  - Herøy kommune ligg omtrent «midt på treet» når det gjeld netto driftskostnader til administrasjon pr årsverk samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre.
  - Netto.administrasjonskostnader pr innbyggjar i Herøy er lavast av kommunane i området.
  - Når det gjeld gjennomsnittleg løn til administrasjon er denne på gjennomsnitt av kommunane på Søre pr. november 2019.
- Sjå ellers revisjonen sin rapport.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/20	026	15.09.2020	21.09.2020	JS

**SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING****Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapsdelen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 07/20 Selskapskontroll av SSR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføraren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

**I møte**

Bodill Skeide orienterte og svarta på spørsmål.

**Vedlegg**

1. Tilbakemeldinga frå SSR IKS AV 20.12.2019
2. Representantskapsbehandlinga av rekneskap og årsmelding
3. Årsrapport 2019
4. SELSKAPSKONTROLL SSR IKS Sak 33-19 i KU og KS 07/20



### Saksopplysningar

Kommunestyret behandla saka Selskapskontroll av SSR IKS i sak 7/20 og gjorde slikt vedtak:

- «1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp – innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.
3. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.
4. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020. «

SSR IKS sende tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet 20.12.2019, jf vedlegg 1. Begge organa tok tilbakemeldinga til vitende.

### Vurdering

Det er normalt at kontrollutvalet ser til at saker dei har sendt over til kommunestyret blir følgt opp, då i tråd med kommunestyret sitt endelege vedtak.

Her viser vi til Kommunestyret sitt vedtak i sak 07/20 der dei behandla Selskapskontrollen av SSR IKS.

Vi viser vidare til vedlegga 1, 2 og 3 i saka: Tilbakemeldinga frå SSR IKS, representantskapet si behandling av rekneskap og årsmelding for 2019 og årsrapporten for 2019.

Ut frå det som kjem fram i dei nemnde dokumenta kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekome det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS som utførte selskapskontrollen og kjenner godt til detaljane i undersøkinga, får i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføraren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er følgt opp.

Til opplysning har dei andre eigarkommunane gjort vedtak om oppfølging. Jf. forslaget til vedtak i saka.

### Møtet slutt.

**Møteprotokollen går til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Rådmann til orientering.  
Ordførar til orientering.  
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.